*** KrF**

I eit **internt notat** laga før valet skriv KrF at dei ikkje kan sitje i ei regjering som fører ein landbruksfiendtleg politikk. Politikken til Høgre og Frp får kritikk på sentrale punkt.

# Internt notat viser spriket om landbruk

Nationen har fått tilgang til eit internt KrF-notat som analyserer avstanden til Høgre og Frp i landbrukspolitikken. Notatet er laga før stortingsvalet i haust og tek for seg landbrukspolitikken til Høgre og Frp punkt for punkt. Det går fram at KrF er ueinig med Høgre og Frp på fleire sentrale område.

Heilt til slutt i notatet skriv KrF følgjande:

«KrF har sagt det gjentatte ganger tidligere, og vi gjentar det gjerne igjen: Landbrukspolitikken vår er ikke til salgs. For KrF er hensynet til neste generasjoners matsikkerhet så viktig at vi ikke kan sitte i en regjering som fører en landbruksfiendtlig politikk».

**Ueinige i sentrale punkt**

Her er hovudpunkta i landbrukspolitikken til Høgre og Frp, slik KrF framstiller det, der det går fram at KrF er ueinig i dei fleste:

• **Reversere tollauken og byggje ned importvernet:**
KrF kommenterer at importvernet er ein av berebjelkane i norsk landbruk. Partiet peiker på at kostnadsnivået er 40 prosent høgare enn hos våre handelspartnarar og at om ein ønsker eit landbruk i Noreg er det viktig å ha eit importvern på produkta som konkurrerer med norske.

• **Skilje mellom produsent og marknadsregulator:**
KrF kommenterer at marknadsregulatorordninga skal sikre ein best mogleg balanse mellom produksjon og etterspørsel, noko landbruket er avhengig av for å vere sikker på at ein får den prisen som er fastsett i jordbruksoppgjeret. KrF skriv òg at forbrukarane er avhengige av marknadsregulatorane for å vere sikre på at det er godt nok utbod av varene som er regulert.

• **Buplikt, prisreguerling og odelsrett:**
KrF skriv at det er viktig at buplikta, prisreguleringa og odelsretten blir bevart slik at neste generasjon bønder både har forrang på og råd til å kjøpe gardane. Partiet skriv at ei fjerning av buplikta og prisreguleringa i praksis vil gjere at bønder ikkje har råd til å bu på eller kjøpe gard sidan mange ønskjer gardsbruk som feriebustad utan å ha ønske om å drive garden.

• **Endre arealstøtte til produksjonsstøtte:**
KrF går mot å fjerne kulturlandskapstilskotet.

• **Fjerne kvoteavgrensingar:**
KrF kommenterer at kvotetaket per gard er essensielt for å oppretthalde små og mellomstore bruk, sidan stordriftsfordelane til dei største produsentane vil utkonkurrere dei mindre bruka.

• **Formueskatt og arveavgift:**
KrF skriv at formuesskatten sikrar at landets aller rikaste faktisk betalar skatt. For å sikre at alle bidreg, men unngå skatt på å skape arbeidsplassar, vil KrF fjerne formuesskatten på arbeidande kapital. I tillegg til å avskrive arveavgifta slik at den fell bort etter ti års vidare drift.

• **Eksportsubsidier:**
KrF skriv at alle er einige om å fjerne eksportsubsidiene, og at Norge har forplikta seg til det om ein får på plass ein ny WTO-avtale.

**«Retoriske poeng»**

Under overskrifta «retoriske poeng» trekkjer KrF fram punkt som kunne brukast både mot den dåverande raudgrøne regjeringas landbrukspolitikk, og mot andre parti. Partiet trekte fram at det var lagt ned 6500 bruk i regjeringsperioden, noko som ifølgje KrF-notatet vitnar om ein feilslått landbrukspolitikk. Partiet hevdar i notatet også at inntektsgapet har auka og at det blir brukt ein vesentleg mindre del av statsbudsjettet på landbruk i dag enn under Bondevik 2-regjeringa.

KrF trekkjer i notatet også fram punkt der den dåverande opposisjonen var einige, som mellom anna gode investeringsordningar, avgrensing av skjemavelde og fjerning av formuesskatt på arbeidande kapital.

I notatet peiker likevel KrF på at forskjellane i landbrukspolitikken mellom KrF og dei borgarlege partia viser at ein må stemme på KrF «for å få god landbrukspolitikk i en ny regjering», før dei gjentek at landbrukspolitikken ikkje er for sal og skriv at omsynet til matforsyninga for komande generasjonar er så viktig at partiet ikkje kan sitje i ei regjering som fører ein landbruksfiendtleg politikk.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no

**VALKAMP-NOTAT**

«For KrF er hensynet til neste generasjoners matsikkerhet så viktig at vi ikke kan sitte i en regjering som fører en landbruksfiendtlig politikk.»

INTERNT KRF-NOTAT OM LANDBRUKSPOLITIKKEN

**Fakta**

**Ny landbrukspolitikk**

* **I regjeringsplattformen** går Høgre og Frp inn for store endringar i landbrukspolitikken.

* **I samarbeidsavtalen med** KrF og Venstre står det ein setning om landbruk og mat: «Avtaleinstituttet i landbruket opprettholdes, og det legges vekt på forutsigbarhet og reformer som kan gi økt lønnsomhet».

* **Før valet gjekk** KrF-leiar Knut Arild Hareide ut og stilte KrF som garantist i landbrukspolitikken og lova at landbruket ikkje er for sal.



**Landbrukssprik:** KrF-leiar Knut Arild Hareide og Venstre-leiar Trine Skei Grande

## KrF: Har aldri lag

Line Henriette Hjemdal i KrF avviser at partiet alt før stortingsvalet hadde bestemt seg for ikkje å gå i regjering, men ho vedgår at avstanden til Frp er stor.

Ifølgje landbrukspolitisk talsperson Line Henriette Hjemdal i KrF var notatet mynta på KrF-kandidatar til bruk i valkampen.

– Notatet samfattar landbrukspolitikken vår og det gjekk ut til kandidatane før valkampen for å sikre at alle kjende standpunkta våre, seier Hjemdal til Nationen.

Ho seier synspunkta til KrF er velkjende frå før.

– Vi har aldri lagt skjul på at det er stor avstand mellom rein Frp-politikk og rein KrF-politikk om landbruk. Nå er det derimot ein ny kvardag med ei mindretalsregjering som er avhengig av å få fleirtal for politikken på Stortinget. Eg trur landbruks- og matminister Sylvi Listhaug også er opptatt av å ha KrF med på laget, seier Hjemdal.



valde i haust ikkje å gå i regjering saman med Erna Solberg i Høgre og Siv Jensen i Frp. Eit internt KrF-notat vitnar om stor avstand i landbrukspolitikken. FOTO: HEIKO JUNGE / NTB SCANPIX

# t skjul på at det er stor politisk avstand

**– Viser notatet at KrF alt før valet tvilte på regjeringsdeltaking på grunn av landbrukspolitikken?**

– Nei, lenge før valet visste vi at det ville bli ei ny regjering. Då var det viktig for oss å få fram forskjellane mellom partia, der dei som ville ha eit landbruk i heile landet og ein variert bruksstruktur burde stemme på KrF. Det var sonderingane etter valet som avgjorde at det i staden blei ein samarbeidsavtale, seier Hjemdal, som seier det var reelle diskusjonar og sonderingane etter valet som gjorde at KrF valde ikkje å gå inn i regjering.

Hjemdal viser til at KrF-leiar Knut Arild Hareide har sagt at det var heilskapen som gjorde at partiet valde å ikkje delta i regjering.

– Det er ei sak det er ro om i KrF nå, seier ho.

**– Er landbrukspolitikken blant felta der avstanden til Høgre og Frp er størst?**

– Det blir feil av meg å trekkje fram enkelte saksfelt. På nokre felt er avstanden stor, medan avstanden kan vere liten på andre felt. Det er heller ikkje tvil om at vi har mykje til felles med Ap, SV og Sp på nokre saksområde.

Hjemdal seier det nå er ein ny kvardag der regjeringa må søkje støtte i Stortinget for å få fleirtal.



**LANDBRUKSSPRIK**

«Det er ikkje overraskande at avstanden til Høgre og Frp er stor i landbrukspolitikken.«

LINE HENRIETTE HJEMDAL
LANDBRUKSPOLITISK TALSPERSON I KRF

Ho seier ho trur sjansen til å få gjennomslag for landbrukspolitikken til KrF er god, og ho avviser at den såkalla landbruksgarantien til KrF står i motstrid til innhaldet i notatet.

– Notatet inneheld ikkje noko nytt. Det er ikkje overraskande at avstanden til Høgre og Frp er stor i landbrukspolitikken, seier ho.

**Frp: Vil ikkje kommentere**

Landbrukspolitisk talsmann Morten Ørsal Johansen i Frp vil ikkje kommentere saka.

– Vi vil ikkje kommentere interne notat i andre parti. Vi held oss til avtalen som er inngått med dei andre partia, så får vi sjå kva politikk som blir ført, seier han.

**Høgre: Trur på god dialog**

Næringspolitisk talsperson Gunnar Gundersen i Høgre seier han håper på eit godt samarbeid med KrF.

– Vi veit at det er stor avstand til KrF i landbrukspolitikken, men vi trur vi skal få til ein god dialog, seier han.

Gundersen seier han trur KrF også ser at ein må tenkje nytt i landbrukspolitikken, og han avviser at ei ny regjering vil føre ein landbruksfiendtleg politikk.

– Vi vil tvert imot utvikle næringa vidare, seier han.